



SAKSFRAMLEGG

| | |
|--|-----------------------------|
| Sakshandsamar: Øystein Svalheim | Arkivkode: GBNR-30/1 |
| Arkivsaksnr: 19/364 | Løpenr: 19/3906 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Naturutvalet | 28.05.2019 | 011/2019 |

GBNR 30/1 - Handsaming av søknad om konsesjon ved kjøp av fast eigedom

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Gunn Totland Moss (Krf) bad utvalet vurdere hennar gildskap. Ho er tante til søkjar, og gjekk ifrå underhandsaminga. Utvalet vedtok samrøystes at Moss er gild, jf FVL § 6.

Søkjar bur på gnr 30/16 som er naboeigedommen. Buplikta gjeld denne eigedommen, og Gnr 30/1 vert retta til 30/16 i framlegg til vedtak.

Utvalet slutta seg til endringa i framlegget til rådmannen, som vart samrøystes vedteke.

NAT- 011/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev Anette og Torger Langeland konsesjon til erverv av gbnr 30/1 på Langeland i Samnanger kommune.

Sidan eigedommen har over 500 daa produktiv skog vert det sett vilkår om personleg buplikt i 5 år.

- Denne buplikta kan oppfyllest ved at ervervarane bur på gbnr 30/16 og er busett der i minst 5 år.

Vedtaket har heimel i *Konsesjonslova* § 1, 9 og 11.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev Anette og Torger Langeland konsesjon til erverv av gbnr 30/1 på Langeland i Samnanger kommune.

Sidan eigedommen har over 500 daa produktiv skog vert det sett vilkår om personleg buplikt i 5 år.

- Denne buplikta kan oppfyllest ved at ervervarane bur på gbnr 30/1 og er busett der i minst 5 år.

Vedtaket har heimel i *Konsesjonslova* § 1, 9 og 11.

Dokument som er vedlagt:

Takst landbrukseigedom(332186)
Anette langeland Konesjonssøknad off versjon
Torger langeland Konesjonssøknad off versjon

Faktiske opplysningar:

Anette og Torger Langeland har i brev dagsett 29. mars 2019 søkt om konsesjon for å overta eigedomen med GBNR 30/1 i Samnanger kommune.

Eigedomen har i følge gardskart (kjelde : nibio): 21,9 daa fulldyrka mark, 1,5 daa overflatedyrka mark, 28,3 daa innmarksbeite, 518,8 daa produktiv skog og 109,7 daa anna areal, til saman 680,2 daa.

Det er 3 bygg på garden; Våningshus på 80 m² frå 1890, Vedhus på 60 m² av eldre dato og ein driftsbygning frå 1890 på 100 m², alle i middels god stand.

Kjøpesummen er kr 2 000 000,-

Det er ikkje sjølvstendig drift på garden i dag, men det dyrka arealet på bruket har vore hausta av søkjarane i fleire år. Søkjarane ønskjer å vidareføre denne drifta som ein del av drifta på nabogarden gbnr 30/16 og 29/17, der dei bur og driv i dag. Søkjarane bur i dag i Kvitingvegen 290 på gbnr 30/16 og ønskjer framleis å bu der. Det er 137 m mellom den dyrka marka på 30/1 og 30/16.

Vurdering:

§ 9 i konesjonslova seier:

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særleg vekt på:

- 1. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,*
- 2. om ervervet innebærer en driftsmessig god løysning,*
- 3. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
- 4. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

Søkjarane bur no i huset på nabogarden (30/16): Det er buplikt på den omsøkte eigedomen, men kommunen har høve til å la søkjar oppfylle buplikta ved å bu på eigedom i *umiddelbar nærhet* (gbnr 161/14) og dermed ivareta omsynet til busetjinga i området (sjå nedanfor).

Drifta på eigedommen skal vidareførast på dagens nivå og ervevet vert vurdert til å vera ei driftsmessig god løysing.

Ervervarane har drive garden i fleire år for seljar (Knut Langeland, dødsbo). Dei har satsa friskt med utbygging av mjølkeproduksjon og vert rekna som skikka til å drive eigedomen.

Ervervet vil etter landbrukskontoret si vurdering ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Kjøpesum er kr 2 000 000,-. Etter §9a skal kommunen ved handsaming av søknadar om konsesjon på landbrukseigedomar ikkje leggje vekt på pris dersom eigedomen har mindre enn 35 dekar full- og

overflatedyrka jord. Det vert difor ikkje gjennomført priskontroll i denne handsaminga.

§11 i konsesjonslova seier:

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.

Eigedomen er såpass stor at det ville vore buplikt dersom eigedommen hadde vore overdrege på odel eller slektskap. Kommunen skal vurderer om det skal settjast vilkår om buplikt for ny eigar på garden.